



Nr 3

2017

68. årgang

A photograph of a serene night landscape. In the foreground, dark silhouettes of pine trees frame the view. Across a calm body of water, a small town or village is visible, with its lights reflecting softly on the water's surface. In the background, majestic mountains are partially covered in snow, their peaks reaching towards a dark sky. The overall atmosphere is peaceful and contemplative.

*Vuskjer alle våre leesarar ei Velsigna julehøgtid*

# Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lèt sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Dette biletet, som er måla av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ei svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gjøymt mange løyndomar. På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindauget ser vi ein saueflokk som kikkar inn. Då biletet blei utstilt første gongen, vekte det sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølvsagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.



*Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017*

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser oss at ingen ting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemme augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar. Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som

viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydde frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elskar, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*

# Minne frå utflytte Hyllestadingar

Det er mange som opp gjennom åra på forskjellig vis har hatt tilknyting til Hyllestad. Det er og mange som abonnerer på kyrkjebladet utanbygds. Denne sommaren fekk vi høyre at Gerd Bruknapp, som fylte 100 år i mars, døydde 23.juli, og gravferda var i Råde i Østfold, der dotter Bjørg no bur. Mange vil hugse tida til Gerd og Olav Bruknapp her i kommunen og prestegjeldet. Gerd var aktiv med song og musikk ; leia to kor, og spela piano i mange samanhengar. Ho var fødd og oppvaksen i Oslo,

var dotter av ein gullsmed og i unge år tok ho handelsutdanning. Som prestekone her, og med ein mann med mange jern i elden, sette Gerd spor etter seg i kyrkje- og foreiningsliv, som den sosiale personen ho var. Underteikna hadde henne som lærar i 3.kl. på Åfjorddal skule; og har gode minne etter det året.

Kjekt er det, no til julenummeret, at eldste dotter, Bjørg, har svara ja til å sende oss ei helsing til bladet.

as

## Julehelsing

Først vil jeg takke for et fint blad. Det er trivelig med denne kontakten med Hyllestad.  
Jeg har nå overtatt bladet etter min mor som døde 23. juli i år, 100 år gammel.

Hun var også en ivrig leser av bladet.

Nå når det nærmer seg jul kan jeg se henne for meg øve inn julesanger med kyrkjekoret i Hyllestad. Øvelsene var hjemme hos oss i prestegården, noe som vi barna syntes var festlig å oppleve. Siden ble det kyrkjekor på Sørbovågen.

Når jeg nå skal komme med en julehilsen, vil jeg minne om den største julegaven, nemlig Jesus selv. Vi gir hverandre gaver for å glede hverandre. Men ingen annen gave er så betydningsfull og viktig som gaven fra Gud, vår far. Engelen på Betlehemsmarkene kunn gjorde: «Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en Frelser i Davids by. Han er Messias, Herren».

Jesus er gaven som er gitt til alle mennesker på jord. Når vi tar imot den gaven, eller gleden som engelen forkynte om, blir livet vårt forandret. Vi får et nytt hjerte og en ny ånd inni oss, og vi får en ny interesse.



Det er en glede å vite og erfare at Jesus er Frelseren vår. Da blir som regel den store interessen vår å dele dette med andre.

Derfor dro jeg til Madagaskar. Det var fint å kunne undervise i kristendom ved kirkens skole i Vohipeno på Østkysten. Da jeg reiste ut igjen til 2. periode var jeg søndagsskolesekretær i et stort område, og det ble mye reising. Før jul gledet jeg meg over å besøke flere av statens små barneskoler for at også disse barna skulle få høre og se juleevangeliet.

Selve julafaten var menigheten samlet i kirka med mye sang og dramatisering av juleevangeliet. Da barna gikk hjem om kvelden, fikk de en liten neve suk-

kertøy, og dermed var gleden fullstendig.

Min mann og jeg var prestefolk i Råde i 16 år før vi ble pensjonister. Nå bor vi i utkanten av Sarpsborg og er frivillige medarbeidere i Det Norske Misjonsselskap. Hver sommer prøver vi å komme på familiehytta i Rysjedalsvika.

Med denne hilsenen vil jeg ønske dere en velsignet jul og et godt nytt år.

Vennlig hilsen  
Bjørg Bruknapp Grønlien

# Ny dåpsliturgi

Kyrkjemøtet har i år vedteke ny dåpsliturgi som kyrkjelydane skal ta i bruk innan 1. september 2017, so og i Hyllestad. Det er endring i plasseringa av ledet om Fadderansvaret, når forldre og fadrar reiser seg. Dette ledet er no plassert før dåpen og ikkje etter slik det var i den tidlegare versjonen. Det er òg gjort justeringar i ein skilde formuleringar, særleg i takkebøna for dåpsbarnet før dåpshandlinga. Etter dåpshandlinga, er det kome inn ei bøn og lovprising som er eit heilt nytt ledd. Det blir spennande om kyrkjelydane vil merke forskjell. Det er berre å følge med og høre og sjå kva som skjer.

Før dåpshandlinga kjem denne takkebøna som presten ber for den som blir døypt:

*L:* Lat oss takka og be:

*L:* Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever,  
og har skapt oss i ditt bilet:  
Vi takkar deg for *NN/NN (fornamn)* som i dag skal bli døypt(e).

*Ho/Han/Dei* er dyrebar(e) i dine auge.

Ver hos henne/han/dei med din kjærleik og gje henne/han/dei ein heim i di kyrkje. Amen.

Etter dåpshandlinga følgjer denne bøna og lovprisinga som presten eller ein medliturg ber:

*ML/L:* Trufaste Gud, vi takkar



deg for dåpen, der du tek oss inn i di kyrkje.

Vi bed for *NN/borna/dei* som er døypt(e) i dag.

Hald di vernande hand over henne/han/dei, og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvar for henne/han/dei.

Amen.

## Barnehage og skule i kyrkja: påskevandring i kyrkja

Det er lenge sidan påske no, men i sist blad kom det dessverre ikkje med; den fine påskevandringa som 1.-4.klasse på Hyllestad skule deltok på saman med lærarane der. Julevandring har det vore nokre gonger før, men sjeldan påskevandring. Det heile starta i våpenhuset, der elevane fekk utdelt tujagreiner som god erstatning for palmegreiner. Så

var det undervisning om dei ulike dagane i påskehøgtida. På golvet skjærtorsdagkveld: var det fotvasking, og det vart iverksett på ein biletleg måte. Den tunge langfreldagen vart symbolisert med å sløkke lyset. Den svarte duken på alterbordet var symbol på sorga då Jesus døydde. Så kom påskedagen, med lysa, song



og glede. Vakre påskeliljer frå Lifjorden vart løfta opp, medan songen ljoma: «Dine hender er fulle av blomar, kven var det du tenkte å gje dei til. Mine blomar var plukka til Jesus. Grava fann eg tom. Han var ikkje der.»

Den 6.april vart ein fin dag i kyrkja. Flotte born som lærte meir om påska. Anfrid, Gunvor, Toril og Audun la til rette dei ulike postane.

No vert det truleg påskevandring eit år, og så neste år julevandring.




# Web-Pastor, Asbjørn Kvalbein – inspirerande besøk

Sjølv om alderen skulle tilseie pensjonstilvære (73), er Asbjørn Kvalbein framleis aktiv med oppdrag landet rundt. Denne helga kom han som representant for Norea Mediemisjon. Han har mastergrad i teologi og kommunikasjon, har vore redaktør for misjonsbladet Utsyn, rektor ved Gimlekollen Mediesenter og forlagssjef i Lunde forlag. Dessutan skrive litt over 20 bøker.

Norea Mediemisjon vart starta i 1956, då under namnet Norea Radio. I dag nyttar ein både radio, TV, internett og mobiltelefon, til å formidle evangeliet og kristne verdiar heime og ute. På heile 35 språk går dette ut. Dei har og eiga internettkyrkje: i Kirken.no. Superblink – barnas medieklubb vert drive i samarbeid med NLM og Indremisjonsforbundet.

Vi veit alle at media har utvikla seg svært mykje dei siste åra. Ein av dei som har fylgd denne utviklinga meir enn mange andre er Asbjørn Kvalbein. Kanskje det sosiale



mediet Facebook var det som gjorde at det vart ei helg i Hyllestad for han denne hausten. Underteikna møtte han i tida i Balestrand, der han av og til var innom Sygna VGS. Vi vart vener på fb, og han hadde ein gong ein fin kommentar då han såg biletet av Hyllestad kyrkje lagt ut på fb. Ja, velkommen hit ein gong, skreiv eg! Så kom helga 8.-10.sept. med besøk av Asbjørn både på ungdomsklubb, seminar laurdag

og gudsteneste søndag med konfirmantpresentasjon- alle 3 fine samlingar, der det var godt å høre Asbjørn formidle det sentrale evangeliet med trua på Jesus Kristus. Han tok oss og med inn i Norea Mediemisjon sitt arbeid for folket i Nord-Korea. Som vi veit, er dette veldig aktuelt stoff, og gava til dette arbeidet på over 7000kr. denne helga var imponerande! Konfirmantane skreiv og i sine referat: «Kjekt å høre på



Asbjørn». Han ser og verdien i kontakt med mange på fb, har over 4500 vener! Men brukar det ikkje minst til det oppbyggelege, med å legge ut gode ord, andakter, linkar som ein vert oppbygd av. I mange hei-mar ligg andaktsbøkene hans, t.d. «Trygg i dag», og det er berre å gå inn på internett på : webpastoren.no , der ligg mykje godt stoff. Kjekt med slike besøk!



# Base Camp 2017

«Tradisjon er ikkje å bære oska vidare, men å halde elden brennande»

Kan ein sei at det blir ein tradisjon når ein gjer noko tredje gongen? Om me kikkar attende i tidlegare kyrkjelydsblad, ser me at det var fleire som sa dei gledde seg til neste gong, -og neste gong var no i oktober, desse ungdomane kom også i år, -og dei treivst, også denne gongen. «Dette må bli ein tradisjon», sa dei. Det er til å bli glad av!

Kva er så «poenget» med å samlast til god, gamaldags leir, (i modernisert drakt)?

Eg trur det er verdifullt å «henge saman» over tid (to døger). Ungdomane blir betre kjend med kvarandre, får nye vener, (kanskje for livet?) – kjempe-sosialt og triveleg å ete saman, leike, konkurrere, sove i «slunkebol» på skulen, alltid ha nokon vaksne å snakke med, om dei vil, kjenne fellesskapet i lovsang, forkynning og bøn o.s.v. Ekstra fint å høre at fleire sat oppet til langt på natt, i djupe samtalar, om dei viktigaste tinga i livet.

Tykkjer det er verdifullt at ungdomar frå nabofylka vil mengast med oss. Våre ungdomar vil truleg trekke innover mot byane når dei t.d. skal gå på høgskular o.l. Då er det jammen eit pluss at dei har knytta kontakt med flotte folk.

Takk til alle som så positivt takka ja til å gjere ein dugnadsinnsats, både i forkant, under leiren og oppatt-rydding ☺  
«Utan kvarandre vert alt ingennting» (Joralf Gjerstad)  
OK: me fører *tradisjonen* vidare, (held elden brennande) og planlegg ny BaseCamp til neste haust. Kan røpe at me har tinga Maria, - me likar å gå for det beste!

Ungdomane våre fekk på planleggingsmøte bestemme kva ein skulle bruke pengar på, det stod mellom å bruke meir på aktivitetar, eller på musikk. Ungdomane var samstemte om at dei ville ha RADIATE, svært dyktige og flotte folk,- eit av dei beste lovsangs-banda i landet. Det blei ein suksess!



Kjempekjekt med levande Battle-Ship.

Dei som blei treft med vassballongar vart ein smule våt, men konkurranseinstinkt og gleda var stor og latteren hørdes langt .



Ekstra kjekt å få besök frå Filippinene. Pastor George Gerontimo deltok på leiren, og han var nok den som hadde størst trøng for å varme seg på bålet. Det var fyrste gongen han har reist utanfor heimlandet, så alt under 20 ° C var kaldt for han.  
Veslemøy Ryland var med på misjons-tur til Filippinene sommaren 2016, så det var ekstra kjekt for henne å få gjenbesök.



# Desse flotte ungdomane seier om BaseCamp

-Basecamp er noko vi ser fram til kvart år, og er definitivt den kjekkaste helga i året!

-Vi gler oss allereie til neste basecamp

-Det er vanskeleg å seie ein ting som var det kjekkaste med årets Basecamp, for det var så mykje kjekt! Både samhaldet og det sosiale, lovsangen med bandet Radiate, andaktane av flinke Maria Oftedal, og konkurransar og leikar.

-Vi håpar å sjå endå fleire på neste års basecamp

-Basecamp har gjeve meg mange nye vennskap, og uendeleg med minner! Ei utruleg flott helg med Jesus og kjekke folk!



-Ein fantastisk bra leir der vi blir kjent med masse nye folk og blir inkludert i eit eineståande miljø. Lærerikt og energigivande, og vi sit igjen med masse bra minner.

-Fantastisk kjekt,- det alle kjekkaste var møta i kyrkja, Maria og Radiate var heilt fantastiske.

-Kjekt å «henge med» nye folk, og folk me kjende frå før.



*Maria Oftedal:* Å være med på BaseCamp i Hyllestad har blitt et av årets høydepunkter for meg. I fjor fikk jeg være med på fredagskvelden, og så hvilket fantastisk opplegg som var stelt i stand. I år var jeg så heldig å få være med hele helgen. Jeg blir så imponert og inspirert av lederne som reiser fra Askøy for å stelle i stand leir, ungdommer og voksne fra Hyllestad som forbereder og står på, og ikke minst Kirsten og Jostein som åpner hjemmet sitt, lager mat til hele gjengen og legger til rette for det hele. En leir som er drevet av så mye dugnadsånd og frivillighet av lokale ildsjeler er sjeldan vare. Jeg reiser fra Hyllestad like inspirert hver gang.

Så må det sies at det å få lov til å stå på den plattformen som er blitt bygget av så mange frivillige, og fortelle om Ham som er grunnen til at vi gjør det, er et stort privilegium. Denne helgen snakket vi om det å være på vei. Hvordan livet med Jesus ikke handler om å nå en fjelltopp eller å komme i mål, at det ikke handler om hvem som er innenfor og hvem som er



utenfor, men om at vi alle er på en reise. Det viktigste er ikke hvor vi er på reisen, men hvem vi er på vei mot. Vi snakket om grøftene som man fort kan falle i på veien, prestasjonsgrøfta eller konsumergrøfta, og at det å ha blikket på Jesus gjør det lettare å holde seg på veien. Det aller største for meg var å se at rundt 7 ungdommer responderte på frelsesinnbydelse og tok imot Jesus i livet sitt. Det er noe av det største man kan oppleve som kristen, og et privilegium å få være vitne til. Jeg ser tilbake med en stor takknemlighet til Gud for det Han har gjort i livene til ungdommene denne helga, og til alle som har vært med å legge til rette for det.



*Med fyr på bålet både ute og inne, held ein varmen.*

# Klargjering av gammalt gravfelt på Hyllestad gravplass

## Gravminna blir tatt bort frå gravfeltet under arbeidet

Det siste feltet på den nyaste delen av Hyllestad gravplass er nesten fullt. Det er få ledige graver att. Som vi har skrive om tidlegare må vi då gjere feltet mellom kyrkja og riksvegen klart for ny gravlegging. Det skal fyllast jord på gravfeltet og såast på nytt. Før påfylling av jord må gravminna med sokkel og plantefelt takast bort frå gravfeltet og lagrast. Nøyaktig plassering av gravminna har teknisk etat koordinatfesta for

oss. Feltet skal omregulerast og gravene skal fysisk bli litt større. Ved omregulering har vi høve til å justere litt plasseringa av ei grav. *I forbundelse med endring kan grav forskyves med inntil en halv gravbredde og gravlengde uten at det bryter med forutsetningene for festing av grav.*» (Gravplassforskrift § 5.) Då arbeidet til ein viss grad er vêravhengig, kan vi ikkje seie akkurat når feltet vert ferdig-

stilt, men det vil truleg ikkje bli før på ettersommaren 2018. **Når arbeidet pågår er det særskilt viktig at det ikkje blir trakka på bakken før graset har blitt klippa minst ein gang.**

Du som er festar for graver på dette gravfeltet må, **innan 1.februar 2018**, ta heim eventuelle gravlykter o.l., samt fleirårige planter du måtte ha planta i plantefeltet framfor gravminnet.

## Ein del av muren ovom Hyllestad kyrkje er blitt tatt bort

Nokon av dykk har truleg lagt merke til at ein del av muren ovom Hyllestad kyrkje er vekke, og lurer på kvifor den er tatt bort. Etter at muren kom opp i år 2000 i samband med at gangvegen vart lagt forbi gravplassen, har det, for større køyrety, vore store problem med tilkomsten ned på gravplassen. Særleg i svingen har det vore altfor tront, slik at traktorar og lastebilar har kome bort i muren, noko som har medført at muren rett og slett var i ferd med å velte inn på gravplassen.

Graver i nærleiken var grunnen til at svingen vart for knapp. For å få tilført jord til gravfeltet som vi jobbar med, utan unødig omlasting, bestemte soknerådet at det beste var å fjerne delar av muren. I alle høve måtte noko gjerast. No blir porten sett tilbake om lag der den sto før muren kom opp. Vi har fremja forslag og ønskje til kommunen om at gangvegen som i dag er veldig lite brukt, vert flytta til andre sida av riksvegen. Det er meir naturleg å ha gangvegen frå krysset til busslomma ved



skulen på oppsida og såleis på rett side av riksvegen.

## Gravminne, oppfrisking av namn og påføring av nye namn

I Foreskrifta til gravferdslova står det at «Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen.»

At gravminnet ikkje er i forfall tyder mellom anna at skrifta skal vere godt leseleg. Det skal ikkje vere tvil om kva som står på minnet.

Vi har ei tid hatt ei lita annonse i kyrkjebladet om at vi formidlar kontakt med ein skrifthoggar som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid som oppfisking av namn, og påføring av nye namn på gravminne. Neste gong han kjem blir i slutten av april.

**Ta kontakt med Aslak på kyrkjecontoret, tlf. 57 78 85 65, evt. 97 58 32 90, så formidlar han kontakt.**



### Opprettning av gravminne som står skeivt

Gravminnet er som sagt, eigaren sitt ansvar. Det hender at gravminnet står skeivt i terrenget, og då er det eigaren (festar/ansvarleg for grav) sitt ansvar å rette det opp. Likeins om det er veltefårleg. Det kan ein enten gjere sjølv, eller kjøpe teneste hos Åm Sognnes Bygdeservice v/ Ole Ivar Åm Sognnes tlf.:95 94 37 35



## Gullkonfirmantar i Hyllestad kyrkje 20. august

For andre året på rad, var det konfirmantjubileum tredje søndag i august i Hyllestad kyrkje. Dei som var fødde i året 1953, var dei siste som vart konfirmerete etter den gamle ordninga; altså på tidleg hausttid. Dei som vart fødde året etter, i 1954, vart konfirmert på våren, så då blir det jubileum igjen om 2 år.

I alt 15 møtte fram til jubileet 20.august. På biletet

ser vi: Bjørg Glavær, Gerd Anny Berge, Olaug Avedal, Kjellaug Espeland Hagen, Turid Systaddal Ospehaug, Anne Karin Strandos, Randi Lavik, Arne Høydal, Norunn Eimind, Jorunn Sørefjord, Henning Salbu, Jan Drøsdal, Anne Karin Halvorsen, Else Huke, Reidun Bordvik Sigdestad.

Fleire sende melding med takk for innbyding, men var på reise eller hadde anna forhindring.

Konfirmasjonsdatoane i 1967 var 30.juli i Bø, 6.august i Hyllestad og 13.august i Øn. Det var det første kullet til Svend J. Jensen som sokneprest i Hyllestad. Konfirmantane fortalte om konfirmanttida, og minne dei hadde. Dei var heime i prestegarden på Hyllestad, og hadde gode minne frå konfirmasonstida.

## Besøk frå Brekke sokn 20. august

I Hyllestad kyrkje var det og besøk frå Brekke sokn den 20.august. Dei ville gjerne høre meir om kyrkja og ombyggingsprosessen. Dei hadde lyst å byte ut benkene med gode stolar. I alt nær 30 hadde teke turen hit over fjorden. Og her ser vi ein del av dei på kyrkekaffien medan soknerådsleiar Jostein Ryland hadde orientering.



# Konfirmantkullet 2017-2018 godt i gang

I Hyllestad er det 18 som har meldt seg til konfirmasjonsforebuing dette året.

Ein er godt i gang med timar i kyrkja, og det er triveleg å vere ilag med den kjekke konfirmantflokkene. Det er oppleget Delta (IKO) ein brukar. Der er det gode undervisningsbitar på powerpoint, m.a. med den artige pastor Darre, som har «gode råd» til konfirmantane. Elles brukar vi å ha ein god del dramatiseringar.



## Flott dag i Prestefjæra

Siste torsdag i september var det ein nydeleg dag i Hyllestad. Då hadde vi ei flott stund ved stranda i Prestefjæra. Tema om at vi er verdfulle og om skapininga høvde godt der. Å lage fine symbol (hjerte, kross, anker) av ting i naturen skapte god kreativitet. Det var nokon (gutar) som laga krossar av steinar og pinnar, og kross og anker av lauv vart nydeleg. Kunstforma heiter Land Art og er brukt i anna undervisningssamanhang.



## Nattcupen i Førde

Siste fredag/laurdag i oktober vart ei fin reise. Hege Støyva og Sølvi Karin Nydal var med som foreldre, og Andreas og Audun på leiar-sida. Det var god stemning i Førdehuset denne natta, med 500-600 konfirmantar tilstades. Kjekt å melde om eksemplarisk oppførsel frå Hyllestad-konfirmantane. Både jente- og gute-

laget gjekk vidare til sluttspillet, og både vann og tapte kamper. God innsats. Pokalen som gutane i fjer vann, gjekk denne gonen vidare til eit gutelag frå Høyanger.

Hyllestad-konfirmantane fekk derimot premie for å ha samla inn mest til Global-aksjonen. Så det var triveleg. Pengane gjekk til beste for born i Sri Lanka. Flott innsats var det!

# Soknerådet vil starte arbeidet med sikte på å få montert nytt digitalt orgel i Hyllestad kyrkje

I soknerådsmøtet i oktober gjorderådet vedtak om å erstatte orgelet i Hyllestad kyrkje med eit digitalt orgel. Val av digitalt orgel, og løysing, vert å kome attende til.

Orgelet i Hyllestad kyrkje er frå 1914 og er bygd av Olsen & Jørgensen Kristiania. Orgelet har 1 manual og 7 stemmer med pneumatisk traktur.

Orgelet i Hyllestad kyrkje har i lengre tid fungert därleg.

Orgelet vart stemt i 2016 saman med orgla i dei andre kyrkjene, men allereie etter kort tid fekk ein utfall av enkelte stemmer/tonar. (stemminga varde berre ei kort stund.)



## Fin deltaking på gudstenester

På kvar gudsteneste er det no konfirmantar som deltek med lysbering, lesing, drama, eller andre oppgåver. Veldig kjekt. Snart er det lysmesse!!

På grunn av den dårelege tilstanden til orgelet vart det, for ein del år sidan, kjøpt inn eit lite, elektronisk orgel og eit par høgtalarar. Dette vert nytta ved gudstenester når pipeorgelet ikkje kan nyttast, fordi det fungerer därleg og berre «stykkevis og delt» (er for ustempt).

Nokon vil nok meine at orgelet bør vølast. Det er ein god tanke, men heilt unrealistisk. Å vøle orgelet vil koste om lag ein million kroner, og ein vil likevel ikkje vere heilt sikker på at resultatet vert godt.

I tillegg til Hyllestad kyrkje, har begge dei to andre kyrkjene pipeorgel. Bø kyrkje – Brødrene Torkildsen, 1927 og er greitt for liturgisk bruk. 1 manual, 6 stemmer, pneumatisk traktur og anhangs pedal. Øn kyrkje - Olsen & Jørgensen Kristiania 1911, 1 manual, 8 stemmer, mekanisk traktur (sto først i Indre Arna). Øn kapell har eit gammalt trø-orgel.

Desse treng jammleg stemming, men også reparasjon. I 2016 måtte 7-8 orgelpiper frå orgelet i Bø til orgelverkstaden til Buder i Bergen og bli vølte, før

han kom og monterte dei att. Berre reparasjonen kosta knapt kr 16 000 + mva.

Kostnaden med eit digitalt orgel vil vere på om lag halvdelen av kva det vil koste å reparere pipeorgelet i Hyllestad kyrkje. I tillegg er den framtidige vedlikehaldskostnaden på eit digitalt orgel minimal, i høve til å vedlikehalde eit pipeorgel. Det seiest at sjølv erfarte organistar har problem med å høre at orgelet er digitalt. Soknerådet kjem til å bruke tid på val av orgel og har knytt til seg ein kantor som er interessert i, og har stor kunnskap om digitale orgel.

Rådet har sett kjøp av digitalt orgel opp i sin økonomiplan, men sjølv sagt er det måling av Hyllestad kyrkje som har førsteprioritet. Vi ønskjer likevel å gå ut med dette prosjektet for vi håpar og trur at dette er eit prosjekt som nokon har lyst til å støtte. Vi har difor eit eige fond «Orgel Hyllestad kyrkje» som gavemidlar vil bli sett inn på.

*Kyrkjeverje Irene.*

## Lat oss vandre i Lyset

Fin 1. sundag i Advent i ei fullsett Hyllestad kyrkje. Konfirmantane heldt, tradisjonen tru, ei flott og stemningsfull lysmesse. Flotte ungdomar som deltok med lesing, song, lyttenning, bøner og prosesjon.





# Kyrkjelydsbasaren – 10år!

Dei siste åra har vi hatt basaren i Hyllestad kyrkje. Det vart eit svært vellukka byte, i høve til å vera i fleirbruks huset som vi nytta dei fyrste åra. I år feira vi 10 år! Kjekt å sjå at so mange finn vegn til Hyllestad kyrkje på sjølve basardagen. Etter ei kort liturgisk opning, der Karl Hjelmeland heldt ein kort andakt om det Levande håpet, vart det tradisjonell basar med åresal og god drøs rundt borda. Det var som

vanleg, godt program, ei triveleg og god matykt og flotte vinstar. Basaren gav kr.48.855,- Netto inn på Kto. Til Barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Takk til alle som har bidrige med vinstar, lodd-sal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalens bygdekvinnelag som sytte for fantastisk bevertning. Kyrkjelydsbasaren er komen for å bli, so neste haust vert det nok basar igjen!



# Reformasjonsmarkeringa sundag 29.oktober

Det var Per Sævik som heldt foredraget i Hyllestad kyrkje då 500 års jubileet for reformasjonen vart markert. For folk i Hyllestad er Sævik mest kjend som næringslivsmannen, som eig verftet på Kjørneset og er majoritetseigar i Fjord 1. I Hyllestad kyrkje tala han varmt om den haugianske arven og påverknaden denne har hatt i samfunnet gjennom 200 år.



Per Sævik i  
Hyllestad kyrkje i samband med reformasjonsmarkeringa.

## «Havila, landet der det finst gull» (1.mos.2,11)

Det vart ei innhaldsrik markering av reformasjonsjubileet i Hyllestad kyrkje sundag 29. oktober. Ei av fruktene av reformasjonen var at vanleg arbeid vart sett på som eit kall, og at midlane ein får skal forvaltast på ein god måte.

Per Sævik fekk godt fram korleis arven frå Hans Nielsen Hauge var med å prege samfunnet vårt på 1800-talet og framover. Dei mange skriftene han var med å gje ut, la grunnlag for demokratiet i landet vårt, ved at mange lærte å lese. Eit paradoks er det at samfunnet bøtla dei som hadde slike skrifter etter ei tid. Ein har rekna på at Hauge var med å legge til rette for 6000-7000 arbeidsplassar. Hos han gjekk «Ånd og hånd» saman på ein god måte. I dag er Sævik med å arrangere haugeseminar, og for nokre veker sidan var det eit i

Herøy på Sunnmøre med titelen: «Korleis kristne verdiar skal påvirke samfunnet i framtida.» Ved reformasjonsmarkeringa i år har boka «Trådene i samfunnsveven. Hva har reformasjonen betydd for Norge?» kome ut. Professor Magne Supphellen ved NHH skriv der: «Hauge var utvilsomt en av norgeshistoriens mest betydningsfulle gründere. Samtidig er han nok også den mest undervurderte. Dette til tross for at han i sin forretningspraksis og i sine forretningsprinsipper var langt forut for sin tid.» (s.126- i art. «Kallsorientert seriegrunder») Hauge fremja og likestilling idet at han nyttet kvinner som leiarar 100 år før stemmerett for kvinner vart innført. Han var også ein føregangsmann for eit inkluderande arbeidsliv. Sævik var elles inne på aktuelle spørsmål for samfunnet i Hyllestad, med hjørnestesteinsbedriften Havyard, der dei no har hatt ansvar i nærmere 20 år. Han var glad for nye ordrar, og var ærleg både på nedturar og oppturar i denne næringa. Som 76 -åring er han framleis aktiv, og skulle vidare til Stavanger på styremøte i Havila Shipping, som han var med å starte og som no er ein leiande aktør for levering av offshore service fartøy.

I boka «Gründere bygger Norge» seier Per Sævik: «For meg er gullet godt når det vert forvalta på ein god måte.» Like fullt var det ein audmjuk

bedriftsleiar som møtte oss i Hyllestad kyrkje denne kvelden. Han var ærleg med livet sine utfordringar og at ikkje alt går rett fram for nokon av oss. For han sjølv framheva han to viktige berebjelkar: Familien og trua. I salme 31.16, står det: «I di hand er mine tider». Slik avslutta han kvelden og den ivrigje spørsmålsrunden til slutt. Kjekt var det, at kyrkja var mest fullsett, og at det vart ei god samling etterpå med god tid til prat og ein kopp kaffi og kaker. Bygdekoret «Fjordklang» song fint og dirigenten Hanne H. Dybvig spela til songane. Det var takksame arrangørar med Hyllestad sokneråd og Folkeakademiet Hyllestad, som var glade for dei mange tilbakemeldingane på at dette vart ein kveld til lærdom og hygge.



Sangkoret Fjordklang gledde oss som vanleg med fin song.



På studietur til Wittenberg kjøpte Audun Systad med seg heim eit «reformasjonslys». Han kveikte lyset i Hyllestad kyrkje i samband med 500 årsmarkeringa for reformasjonen.



## Gaither-kveld i Hyllestad kyrkje

Sundag 12.nov. var det samla mest 50 tilhøyrarar då Jostein og Kirsten Ryland saman med Jørn Lund, Aina Beate Systad, Linda Ølmheim, Geir S. Ulvik, Gill og Stewart McCredie inviterte til Gaither-kveld i Hyllestad kyrkje. Eit flott og variert program med song, vitnemål og allsong. Det var gratis inngang, men med høve til å gje til ungdomsklubben «Solution Hyllestad» ved utgangen. Takk til Kirsten og Jostein for initiativet til denne kvelden!



## Bønnekrukke i Hyllestad kyrkje



Ved kvardagsgudstenesta onsdag 8.november vart det teke i bruk ei ny bønnekrukke , formidla ved Pixie Sowerby. Ho fekk spørsmål frå soknerådet tidlegare om å lage/ evt . finne ei som kunne høve.

Denne er laga av far hennar, Phil Sowerby for ein del år sidan. Det var applaus med ein gong dette vart formidla i kyrkja. Alle såg ut til å like denne vakre, blå krukka av keramikk med lok på. Så er den gjerne større enn dei som har vore vanleg å ha. Like fullt: Då kjem den behovet i møte; med at krukka skal fyllast av mange bøner. Tanken er at den skal stå bak i kyrkja, så kan folk skrive bøner , og den vert boren fram av klokkar, kyrkjetenar , konfirmantar eller andre, og løfta opp under forbønsdelen, utan at det som står på lappane vert lese opp. Unntaket er særskilde gudstene, der det vert opplyst. Soknepresten/liturgen vil ha ansvar for å brenne lappane, etter kvar gudsteneste/samling, slik at dei ikkje skal bli liggande att i kyrkja.

# Kvardagsgudsteneste i Hyllestad kyrkje onsdag 8. november

fekk vi besøk av misjonskonsulent og prest Ingvald Andersen Frøyen, som no får bruke 25% av stillinga si rundt om i Sunnfjord prosti.

«Gjer bruk av talentane! – korleis kan vi saman medverke til gode lokalsamfunn ved å legge vekt på eigarskap og medarbeidarskap?» Dette var tema hans. Fem av årets konfirmantar dramatiserte teksten om talentane (Matt.25) på ein flott måte! Ingvald var inne på kor viktig det er at vi i ein kyr-



kjelyd får gjere bruk av talentane, og at dei ikkje blir gravne ned i jorda. Han slo eit slag for at vi skal sjå på kva vi har,

og gjere oss bruk av det. Han hadde døme på også kor fattige kyrkjelydar i andre land, kan bruke sine ressursar! Det var fin bønevandring tilrettelagt av Torl Lange, og ved ein solid og god kveldsmat etterpå vart det tid for ein god samtale- Så vert det spennande samtalar vidare korleis vi framover kan bruke idear frå Ingvald og kvarandre. Noko fint vart sett ord på denne kvelden.



## Helsing frå Mali

*«Du har eigentleg alltid likt dei kristne», seier ein eldre ærverdig fulanimann til sonen sin, som nyleg vart døypt saman med kone og eit barn. «Det hugsar eg frå du var ung.»*


Sonen er einig. *«Den første gongen eg møtte ein kristen var då eg gjæta kyr heilt sør i Mali. Det var ein pastor. Han var veldig gjestfri, og tok godt i mot meg. Han gav meg til og med ei bønematte og vatn så eg kunne vaska meg og be mine muslimske bøner!»* «Men», la han til, *«eg brukte å tenkja at kristen tru ikkje er noko for oss fulaniar. Det var først då eg møtte dykk i MELM at eg møtte kristne som snakka mitt eige språk, og eg fekk også møta fulaniar som trur på Jesus.»*

Denne mannen er éin av seks fulaniar knytt til MELM sitt arbeid, som har vorte døypt i 2017. Mannen er ein viktig bidragsytar til økonomien til storfamilien. Han har difor kunna gjera sitt val om å følgja Jesus utan å vera for redd for konsekvensane. No får han ein del spørsmål frå vener og kjende: *«Er det verkeleg sant at du var vorte kristen? Veit du ikkje at dei kvite har endra Jesus sitt evangelium slik at det som står der ikkje lenger er sant?»* Dersom utfordringane vert for pågåande svarar han:

*«Eg er kristen i dag, eg er kristen i morgen, og eg kjem til å vera kristen til min død!»* «For», seier han, *«sa ikkje Jesus at dei som skammar seg over han, dei skammar han seg over også?»* Takk for at de er med og bed for denne mannen og familien hans, og dei tre andre personane knytt til MELM sitt arbeid som har vorte døypt i år. Be både for dei og dei «gamle» kristne, om at Gud vil beskytta dei, leia dei til mogning i trua, og at dei må få vera lys og salt i miljøet sitt.



# Det skjer på



## Kyrkje og misjonsdag 13. januar

### «Barnet i gudstenesta»

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på Alværa Misjonssenter laurdag **13. januar kl. 10-16.**

Soknepresten i Jølster, Silje Sørebø, vil ha hovudinnleiringa. Ho har erfaring frå arbeidet som prest i Holmlia i Oslo og dei par siste åra frå Sunnfjord prosti. Silje har også studert forteljekunst, noko ho nyttar i arbeidet i kyrkja. «Barnet i gudstenesta» er eit tema som opptek henne, og ho vil dele av sine tankar og idear. Nokre foreldre med born vil komme med innspel om ynskje og behov dei har for at gudstenesta også skal vere tilpassa barnefamiliane. Det blir samtal og utveksling av erfaringar. Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye men-

neske. Temadagen vert avslutta med gudsteneste leia av misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen kl. 14.30. Deretter blir det kaffi og årsmøte for NMS i Ytre Sogn område.



Set av dagen alle-reie no, så du ikkje går glipp av ein inspirerande dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. Meir informasjon kjem til å bli lagt ut på Alværa Misjonssenter si heimeside <http://alvera.no/>, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661.

*Områdeutvalet i NMS*

## Mariahelg 2.-4.mars 2018 For kvinner i alle aldrar

Fredag 2. mars til søndag 4. mars er det Mariahelg på Alværa Misjonssenter ved Lavik i Sogn – ei helg der vi får senke skuldrane og løfte blikket. Vi samlast til åndeleg og sosialt fellesskap, påfyll til kvardagane og gode måltid, alt saman i trivelege omgjevnader. Elles er det høve til å ha med seg hand-

arbeid, gå turar, og til å velje sjølve kva ein har lyst til å vere med på.

Hovudtalar i år Inger Johanne Kjøde Enger, som er busett i Bygstad. Ho er ein dyktig kulturformidlar gjennom song og musikk, og er aktiv i den ortodokse kyrkja.

Meir informasjon og påmelding: 489 90 661 eller på e-post: [alvera@nms.no](mailto:alvera@nms.no).

Du finn oss også på facebook. com/Mariahelg.paa.Alværa. Velkommen til Mariahelg!

## Kyrkjelydstur til Balestrand – Pinsehelga 2018

I forrige nummer av kyrkjebladet skreiv vi om kyrkjelydsturen frå Balestrand hit til Hyllestad første helga i juni i år, som då var pinsehelga. Det vart ein vellukka tur for begge kyrkjelydar, etter som tilbakemeldingane har vore. Soknerådsleiaren i Balestrand, Helge Ulvestad, inviterte Hyllestad på gjenvisitt til våren. No har vi snakka om å prøve å få til dette, i pinsehelga, som i 2018 er 20.-21.mai. Frå Balestrand kjem

det forslag om 2.pinsedag 21.mai. Då kan det vere gudsteneste i gamle Kvamsøy kyrkje (frå 1200-talet). Vi kan vere der kl12 og så ha middag i Balestrand og sjå meir der. Håpar mange vil ta turen herifrå. Det vert ein dagstur, og det er som vi veit, også mykje å sjå i Balestrand. Vi kjem attende med meir info, men set av dagen!

# 2018: Bispevisitas i Hyllestad og 150-årsjubileum for Bø kyrkje

I tida 27.nov-2.des. 2018 vert det viktige hendingar i Hyllestad kyrkjelyd.

Då kjem biskop Halvor Nordhaug til oss på bispevisitas. Det er svært mange år sidan sist det var visitas, og vi helsar biskopen velkommen.

At det også den samme veka, nærmere bestemt torsdag 29.nov. er 150 år sidan Bø kyrkje vart vigsla er eit hyggeleg samantreff!

Biskop Nordhaug med følgje vert i Hyllestad tysdag til torsdag, og kjem att til visitasgudstenesta søndag føremiddag.

Soknerådet har ikkje starta planlegginga enno, naturleg nok, men dei har sett ned ein komité for markeringa av Bø kyrkje sitt jubileum. Det er: Håkon Haukøy, Mari Dale Salbu, Reidun Skår, Aslak Åm Sognnes og Audun Systad. Litt skriftleg materiale i samband med jubileet er ei målsetjing.

*Har du noko du vil dela, – tekst – biletet, ta kontakt med ein av oss i nemnda.*



## Nye salmebøker som gav til Eiklund

Soknerådet i Hyllestad har kjøpt inn 10 nye salmebøker til Eiklund omsorgssenter. Gåva

### Ynskje om samtale og forbøn?

Ein del av prestetenesta omfattar og ein diakonal del; omsut for dei som er sjuke og som og kan ha ønskje om samtale og forbøn.

I den nye salmeboka finn ein ei liturgisk ordning som heiter: «Bøn for sjuke . med eller utan salving.»

Ein finn og ei ordning for «Skiftemål». Som prest her i Hyllestad ønskjer eg å minne om at eg er open for samtale og forbøn; noko som og tidlegare har vore ein del av tenesta mi , der eg har hatt presteteneste. Det treng ikkje vere i rammen av nokon liturgi, men og dei som ønskjer eit medmenneske å snakke med, som også er underlagt teieplikt.

Audun Systad

vart overrekt før samlinga torsdag 2.november av Audun Systad, og fung.styrar Liv Hilde Robinson tok imot gåva med takk!

Eiklund har fleire eksemplar av den grøne salmeboka, og kan i mange høve nyttast vidare. Det nye med den raude salmeboka som kom ut i 2013, er at det bak i boka er ei fin bønebok, med minne- og trøysteord, og også ymse liturgiar. Bøkene vil bli ståande i daglegstova, og ein vonar at dei vil bli godt nytta av bebuarane.



### Gudstenestene i jule- og nyårshelga

Julafta og 1.juledag vert same turnus som før.

På Eiklund vert gudstenesta som før har vore 2.juledag, flytta fram til 3.søndag i advent kl.11.30. Vel møtt også til familie utanfrå og andre til denne gudstenesta.

I nyårshelga har dei seinaste åra 1.nyårsdag vorte mykje nytta. I år vert denne gudstenesta nyårsafta, men då så tidleg som kl.15 i Hyllestad kyrkje. Dette vert då ei gudseneste ved nyårs-skifte, med lystenning, diktlesing mm.

Vel møtt i kyrkja i høgtida!

**På songgudstenesta i Øn kyrkje onsdag 3.januar kl.19.30**  
syng vi mykje gamle og nye salmar med innhald kring jule-og nyttårstida

## Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe døkk som parorande,  
med alt som hører ei verdig gravferd til.

Blomsterterget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

**Vi tek sikte på å fylla minst ei heil side i kvart nr. (3 nr pr år) med annonser til fylgjande prisar:**

### Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år  
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

### Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år  
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

### ÅM SOGNES BYGDESERVICE



#### PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

#### STEIN

- Beleggningsstein
- Kantstein
- Gråsteinsmuring

#### LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no



**HAVYARD**

Improving life at sea



ÅPEN 09-19 (16)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektrikar,  
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



*Lat oss realisere din bustaddraum!*



**RYLAND BYGG AS**

**Vi tilbyr:** Hus og Hytter frå Byggmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing

Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / [www.rylandbygg.no](http://www.rylandbygg.no) / [firmapost@rylandbygg.no](mailto:firmapost@rylandbygg.no)

# Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:  
[www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no) og på facebook

17.des:	Eiklund omss. kl.11.30	Nattverd.
	Hyllestad krk kl.19.00:	Julekonsert m. andakt . Kollekt
TYSD. 19.DES.	Kl.09:00:	Julegudsteneste for Hyllestad skule
	Kl.10:00:	Julegudsteneste for Hyllestad barnehage Det vert medverknad frå musikkskulen på begge desse gudstenestene, leia av Reidun Porten. Gudstenestene er opne for alle.
24.des:	Øn kl.14:00:	Julaftangudsteneste.
	Bø kl.16:00:	Takkoffer Kirkens Nødhjelp
		Julaftangudsteneste.
		Takkoffer Kirkens Nødhjelp
25.des:	Hyllestad kl.12:00:	Takkoffer misjonsprosjekt NMS i Mali.
31.des.	Hyllestad kl.15:00:	Gudsteneste ved årsskiftet. Ungdom tek del. Takkoffer til NMS i Mali
3.jan. (onsdag):	ØN kl.19:30:	Song-gudsteneste – salmar ved jul og nyår. Takkoffer til Kirkens Bymisjon Bergen
14.jan:	Bø kl.11:00:	Takkoffer til NMS i Mali
21.jan:	Alværa misj.s. kl.12:00:	Konf.leir. Avslutningsgudst.
28.jan:	Hyllestad kl.11:00:	Såmannssøndag. Utdeling av biblar. Present. Av minikonf. Takkoffer til Bibelselskapet
4.febr:	Hyllestad kl.11:00:	Gudst. m. deltaking av tårnagentar Takkoffer til trusopplæringa i Hyllestad
11. febr:	Øn kl.11:00:	Takkoffer til NMS i Mali
15.febr: (torsd.)	Hyllestad kl.19:30:	Kvardagsgudst. Besøk av Trond Kråvik, NLM
25..febr:	Hyllestad kl.11:00:	Takkoffer til NMS i Mali
4.mars:	Bø kl.16:00:	Takkoffer til Alværa Misjonssenter
11.mars:	Hyllestad kl.11:00:	Takkoffer til Familie og Medier
18.mars:	Hyllestad kl.16:00 (evt. M. årssamling):	Takkoffer til Trusopplæringa i Hyllestad
29.mars (skjærtorsdag):	Øn kl.11.00:	Påskesanggudst. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
30.mars Langfredag:	Hyllestad kl.11.00:	Takkoffer til Norsk Mediemosjon
1.april 1. Påskedag:	Hyllestad kl.11.00:	Høgtidsgudst. Takkoffer til NMS i Mali
2.april:	Eiklund kl.11.30:	Påskegudsteneste m. nattverd.

## Glede Og Sorg

### Døypte:

**Hyllestad:** Oskar Hatlem Rønneseth  
Olve Hatlem Skår  
**Bø:** Leo Larsen Elnes  
Olai Bruteig Bergland  
Marie Nordahl Sognnes

### Gravlagde:

**Hyllestad:** Olav N. Meel, f. 1927  
**Bø:** Terje Sognnæs, f. 1947  
Magne T. Sognnes, f. 1928  
Reidar Førsund, f. 1925  
Borghild Amanda Eikelid, f. 1919


**Øn:** Anders Austgulen, f. 1937  
Solbjørg Solstad, f. 1942  
Hildur Marie Inderøy, f. 1933

# INFORMASJON

B

Returadresse.  
Kyrkjekontoret  
Kommunehuset  
6957 Hyllestad

NORGE



**Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook**  
Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

**Vakttelefon i Sunnfjord prosti**  
Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døende eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

## Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00  
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

**Felles postkasse:** post@hyllestad.kyrkja.no

**For anna adresseinfo sjå:** www.hyllestad.kyrkja.no

**Bankkonto driftskonto:** 3837.15.51619

**Bankkonto barne og ungdoms arbeid:** 3705.30.96396

### KYRKJEKONTORET:

**Dagleg leiar/kyrkjeverje:** Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

**Kyrkjesesekretær:** Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

**Sokneprest:** Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

### I KYRKJENE:

**Organist Erling Akse** - Privattelefon: 57 78 86 45

**Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Instefjord** - Privattelefon: 57 78 88 03

### UTADRETTA STILLINGAR:

**Kyrkjelydspedagog Toril Lange**

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

### HYLLESTAD SOKNERÅD:

**Soknerådsleiar Jostein Ryland** - Mobiltelefon: 992 81 401

### KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

**Bankkonto:** 3705.01.58455

**Utgjevar:** Hyllestad sokneråd

**Redaksjon:** Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

**Trykk:** Ingvald Husabø Prenteverk as



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !  
E-post: post@hyllestad.kyrkja.no